



Landbruksdepartement  
Postboks 8007 Dep.  
0030 OSLO

Arkivsak nr.: Løpenr. Arkivkode Vår ref. Dykkar ref.  
02/00552 003714/03 J10 /J10/ ADM/SEK/HSAAD

**Saka gjeld: NYTT STATLIG MATTILSYN - HØRING**

Ulstein Kommunestyre har i møte den 27.03.03 i sak 03/0026 gjort fylgjande vedtak:

- 1. Kommunestyret syner til at drifta ved NTSSlab (laboratoriedelen ved Næringsmiddeltilsynet for Søre Sunnmøre (NTSS)) vil opphøyre som følgje av oppretting av det statlege mattilsynet, frå 1. januar 2004.*
- 2. Kommunestyret godkjenner at det vert oppretta eit interkommunalt selskap kalla Dragsund IKS som forvaltar og leiger ut bygget/eigedomen som NTSS eig i dag i Dragsund (gnr 45 og bnr. 77 i Herøy kommune). Eigedomen/bygget med inventar vert overført vederlagsfritt til Dragsund IKS frå 1. april 2003 el. så snart selskapet er konstituert og registrert.*  
*Kommunestyret sluttar seg til utleige av bygget slik det er skissert i saksutgreiinga og i sakene 01/03 og 02/03 i styret for NTSS.*
- 3. Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til selskapsavtale for Dragsund IKS (datert 28.01.03) i tråd med handsaminga i styret for NTSS i sak 01/03.*
- 4. Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til avtale mellom Nordvest Fiskehelse AS og NTSS (datert 28.01.03) i tråd med handsaminga i styret for NTSS i sak 02/03.*
- 5. Styret for NTSS vert interimsstyre og får ansvar for at Dragsundbygg IKS vert etablert i samsvar med selskapsavtalen.*
- 6. I samband med etableringa av selskapet skal representantskapen for Dragsundbygg IKS handsame budsjett som syner utgifter og dekning for drifta av selskapet (leigeinntekter, utgifter med bygget, dagleg leiing, rekneskapsføring, revisor m.v.)*

7. *Styret for NTSS har ansvar for oppgjeret/avtalen med staten i samband med statlegging av Mattilsynet. Kommunestyret set som vilkår at den samla omorganiseringa som er omhandla i denne saka vert gjennomført innanfor dei økonomiske rammene for NTSS og drifta av det nye Dragsundbygg IKS / utan tilførsel av kapital frå deltakarkommunane.*
8. *Restkapitalen på fondet til NTSS pr. 31.12.03 vert overført til Dragsundbygg AS. Alternativt kan overføringa av restkapitalen pr. 31.03.03 overførast til selskapet ved etablering mot at Dragsundbygg IKS hefter for NTSS sine plikter resten av eksistensperioden.*

Med helsing

Hans Jakob Sandanger  
rådmann

*Nina Pedersen*  
Nina Pedersen  
kontorfaglærling

Vedlegg:

Kopi:

- Næringsmiddeltilsynet for Søre Sunnmøre
- Sentralarkiv